

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 7. september 2017
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

SAKLISTE:

12/17 Godkjenning av protokoll frå møte 25.04.17

13/17 Referat- og orienteringssaker 07.09.17

14/17 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

15/17 Revisor si egenerklæring 2017

16/17 Plan for rekneskapsrevisjon 2017

17/17 Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2018

Ymse

Aksdal, 31.08.17

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (til orientering)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.17	12/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.04.17

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 25.04.17

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 25.04.17 ligg ved saka til godkjenning.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.04.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 31.08.17



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **25. april 2017** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, politisk møterom
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf), Berit Myrland (SV), Tormod Skeie (SV) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisjonsdirektør Cicel T. Aarrestad - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen i sak 9 og 11 kommunekasserar Arnfinn Gundersen i sak 9
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Gerd Helen Bø i sak 9 og 11, elverksjef Tor Bjarne Smedsrud og økonomisjef Aslak Moe i sak 10
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 9, 11, 7, 10 og 8

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 07/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 16.02.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Medlemmene ønskte at protokollane for framtida blir meir kortfatta og berre inneheld innstilling, vedtak og eventuelt kortfatta omtale av handsaminga i møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.04.17

11. Statusoversikt pr. april 2017
12. K-styrevedtak 21.03.17, sak 24/17 – forvaltningsrevisjonsrapport «Pleie og omsorg»
13. Velkommen som ny medeier! Frå Rogaland Revisjon IKS v/Aarrestad
14. Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Suldal kommune
15. Representantskapsmøte 24.04.17 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte 24.04.17 – Rogaland Revisjon IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.17 - Ryfylke Miljøverk IKS
18. Representantskapsmøte 27.04.17 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
19. Representantskapsmøte 28.04.17 – Haugaland Vekst IKS
20. Representantskapsmøte 24.05.17 – Krisesenter Vest IKS
21. Årsmøte 08.06.17 - Ryfylke IKS
22. «Barnevern» - skriv frå FKT av 03.04.17
23. Svarbrev av 22.02.17 - vedk. vedtak i kontrollutvalet 16.02.17

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Leiar gjorde greie for sakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17:

Referatsakene 11 – 23 blir tatt til orientering.

SAK 09/17 SULDAL KOMMUNE – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2016 slik den ligg føre / med desse endringane / tillegga.....

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Rådmannen og kommunekasserar orienterte om årsrekneskapen og årsmeldinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2016 slik den ligg føre:

*«Suldal kommune sin årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 22,1 millionar kroner.
Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 52,3 millionar kroner, og at delar av dette er nytta til avsettingar.*

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsmelding og revisjonsmeldinga».

SAK 10/17 SULDAL ELVERK KF – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særrekneskapen til Suldal KF 2016 slik den ligg føre / med desse endringane / tilleggga.....

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Elverksjefen orienterte om årsrekneskapen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særrekneskapen til Suldal KF 2016 slik den ligg føre:

«Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2016 viser eit årsresultat på 11,5 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2016 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsmelding og revisjonsmeldinga».

SAK 11/17 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «INNSPARING, EFFEKTIVISERING OG FORENKLING»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Innsparing, effektivisering og forenkling» .

Utvalet ønskjer at prosjektet skal omhandla:

1. alternativ - Administrasjonskostnader eller
2. alternativ - Skule – spesialundervisning vs. tilpass opplæring.

Prosjektet tingast i samsvar vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Utvalet drøfta framlegget. T. Skeie fremma eit alternativ til vedtak, inkludert problemstillingar. Han valde å trekkje framlegget under handsaminga.

Medlemmene blei samde om å velja alternativ 1 med nokre endringar. Revisor noterte seg endringane og vil ta dei med i prosjektet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Innsparing, effektivisering og forenkling» .

Utvalet ønskjer at prosjektet skal omhandla:

1. alternativ - Administrasjonskostnader

Prosjektet tingast i samsvar vedlagte prosjektmandat, med endringar når det gjeld kva kommunar ein skal samanlikna seg med.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

YMSE

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 01.06.17, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 25.04.17

Vanja Ignjatic
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.17	13/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.09.17

- 24. Statusoversikt pr. september 2017
- 25. Oppdatert prosjektplan «Forenkling, forbedring og effektivisering» frå Rogaland Rev.
- 26. Perioderapportering/budsjett frå Rogaland Revisjon IKS av 31.07.17
- 27. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 07.06.17
- 28. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 30.11.17

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 24 – 28 blir tatt til orientering.

Aksdal, 31.08.17



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet - statusoversikt september 2017

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Forenkling, forbedring og effektivisering	25.04.17	200 timar	Under utarbeiding	Våren 2018	
Nytt prosjekt	Hausten 2017			Våren 2018	
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Pleie og omsorg	15.09.16	16.02.17	21.03.17	Februar 2018	

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	04.02.14	11.02.15/ 19.05.15	
Arbeidsgjevarrolla	21.11.13	19.06.14	09.09.14	29.04.15/ 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16/ 13.12.16	
Selskapskontroller					

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag:	Utarbeidet dato/sign.: 10.04.17/skv	År: 2017
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 29.08.2017/BEM	Side: 1 av 4
Sak: Forenkling, forbedring og effektivisering – Versjon 2		

Bakgrunn

I førre møte bad Suldal kontrollutval Rogaland Revisjon IKS om å leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av «*Innsparing, effektivisering og forenkling*».

Rogaland Revisjon har nyleg levert ein forvaltningsrevisjon om dette, innan pleie- og omsorgs-sektoren. Føremålet med dette prosjektet var å sjå nærare på tenestekvalitet og ressursbruk innan sektoren, finna dei viktigaste kostnadsdrivarane og blottleggja det effektiviseringspotensiale som fantes.

I eit nytt effektiviseringsprosjekt ville barnevernet i utgangspunktet kunne vore ein aktuell kandidat for nærare undersøking, ettersom barnevernet har hatt ei kraftig utgiftsauke dei siste åra. Men det er nylig vedteke at Suldal og Sauda skal ha eit felles samarbeid om barnevernstenesta, i eit vertskommunesamarbeid. Dette samarbeidet startar hausten 2017.

Det vil difor vera naturleg å vente med ein forvaltningsrevisjon av barnevernet.


Eit anna tema det har vore ei viss politisk diskusjon omkring, er kommunens administrasjonsutgifter. I figuren under samanliknar vi Suldal med nabokommunar, fylkessnittet og kommunegruppe 16.¹ Vi ser at Suldals utgifter er ein del lågare enn administrasjonskostnadane til kommunane i eigen kommunegruppe, mens dei er betydelig høgare enn fylkessnittet. Det bør presiserast at fylket består av ein del relativt store kommunar, med stordriftsfordelar som gjer at dei gjennomsnittlege administrasjonskostnadene er låge.

Men dersom vi samanliknar Suldal med nabokommunen Sauda, kan det sjå ut til at Suldal har eit betydeleg effektiviseringspotensial.

¹ Kommunen høyrer til kommunegruppe 16 i KOSTRA, som er dei ti kommunane i landet med høgast frie disponible inntekter pr. innbyggjar.


 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag:	Utarbeidet dato/sign.: 10.04.17/skv	År: 2017
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 29.08.2017/BEM	Side: 2 av 4
Sak: Forenkling, forbedring og effektivisering – Versjon 2		

Figur 1 - Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern – 2016 (Kostra)



I figuren under ser vi nærare på utgiftsutviklinga i dei to kommunane. Sidan 2012 har det har vore ein utgiftsreduksjon i begge kommunane, men reduksjonen har vore klart størst i Sauda, spesielt dei to siste åra.

Figur 2 - Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern – utvikling (Kostra)



Eit eventuelt prosjekt ville kunne sjå nærare på kvifor forskjellane mellom kommunane er så store og på i kva grad Suldal kommune kan forenkle og forbedre organisering, arbeidsprosessar, arbeidsmetodikk og intern og ekstern samhandling. Eit døme på dette er i kva for ein grad digitale verktøy og hjelpemiddel blir brukt på ein god måte.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag:	Utarbeidet dato/sign.: 10.04.17/skv	År: 2017
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 29.08.2017/BEM	Side: 3 av 4
Sak: Forenkling, forbedring og effektivisering – Versjon 2		

Føremål og problemstillinger

Føremålet med dette prosjektet er bruke utgiftskartlegginga til å vurdere om organisering, arbeidsprosessar, arbeidsmetodikk eller intern/ekstern samhandling kan forenklast eller forbedrast.

Aktuelle problemstillinger

- Kvifor er skilnadene i administrasjonsutgifter så store mellom Sauda og Suldal?
- Kva har Sauda gjort for å få ned administrasjonsutgiftene dei siste åra?
- I kva for ein grad kan Suldal kommune forenkle og forbedre organisering, arbeidsprosesser og arbeidsmetodikk?
- I kva for ein grad kan kommunen forenkle og forbedre intern/ekstern samhandling?
- I kva for ein grad blir digitale verktøy og andre hjelpemiddel brukas på ein betre måte?

Dersom datamaterialet tilseier det, kan revisor føreta mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar må avklarast med kontrollutvalet.

Revisjonskriterier

- [Kommuneloven](#) har som formål å legge til rette for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale fellesinteresser.²
- Samanlikningar med andre kommunar (god praksis).

Prosjektet har ein utforskande eller undersøkjande tilnærming som ser på moglege forbedringar. Dette inneber at det ikkje finnst eit presist kart å navigere etter, dvs. at det ikkje finnes tydelege føringar for kva som er gode arbeidsprosessar, korleis digitale verktøy skal brukast osv. Vi bruker derfor kommunelovens generelle føring som utgangspunkt for prosjektet. Andre moglege revisjonskriterier kan vera samanlikningar med andre kommunar (til dømes Sauda), teori på feltet osv. Det endelege revisjonskriteriene blir utleda undervegs i prosjektet.

Metode

Uavhengig av prosjekt, vil tilnærminga basere seg på gjennomgang av relevante dokument og tal frå kommunen, forskning/teori på feltet, samt intervju med ei rekkje tilsette i kommunen.

I prosjektet som omhandlar administrasjonskostnadar vil det vera nødvendig å foreta ein ytterlegare avgrensing med omsyn til sektor/område som skal gjerast til grunnlag for nærare undersøking.

² LOV-1992-09-25-107 *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)*, § 1. Lovens formål.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag:	Utarbeidet dato/sign.: 10.04.17/skv	År: 2017
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 29.08.2017/BEM	Side: 4 av 4
Sak: Forenkling, forbedring og effektivisering – Versjon 2		

Omfang

Prosjektet vert utarbeida under leiing av fagansvarleg forvaltningsrevisjon Bernt Mæland. Det vert lagt opp til tett samarbeid med representantar for kommunen.

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyse og rapportering er om lag 200 timer.

SULDAL KOMMUNE
 Periode rapportering 31.07.2017

Månednummer	1	2	3	4	5	6	7	Tot timer	Tot sum eks mva
Kunde									
172025901 SULDAL KOMMUNE Regnskapsrevisjon 2017	7,5	3	106,5	31,5	2	2		152,5	123 525
172025902 SULDAL KOMMUNE Bekreftelser 2017	16	17	6	8		6		53	42 930
172025903 SULDAL KOMMUNE Kontrollutvalg 2017				8				8	6 480
172025904 SULDAL KOMMUNE FR-generelt 2017	1	1,5						2,5	2 025
172025905 SULDAL KOMMUNE Pleie og omsorg 2017	22	6,5						28,5	23 085
172025906 Suldal kommune Innsparing, effektivisering og forenkling 2017				4	1	4	1	10	8 100
Totalsum	46,5	28	112,5	51,5	3	12	1	254,5	206 145

SULDAL	FR	RR	ATT	KU	RAD	TOTALT	SUM
B 2016	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	521 950
R 2016	280,0	191,5	82,0	51,5		605,0	485 815
B 2017	400,0	270,0	80,0	50,0		800,0	648 000
R 2017	41,0	152,5	53,0	8,0		254,5	206 145
B 2018	400,0	250,0	80,0	50,0		780,0	670 800

Budsjett 2018: Suldal kommunestyre har vedtatt å gå inn i Rogaland Revisjon som eier. Suldal kommune er fullverdig eier fra 01.01.2017. Timebudsjett for regnskapsrevisjon, bekreftelser og KU tilpasset kommunens budsjettvedtak for 2017 og tilpasset nivå på andre eierkommuner. Timepriser for 2017 øker med kr 50 slik at prisen blir 860 kr for kommuner og 965 for andre + mva.

Forbruk 2017: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2016 gjennomført og interimsrevisjonen for 2017 så vidt påbegynt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for tre terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. tilskudd til ressurskrevende brukere. Innen forvaltningsrevisjon / eierskapskontroll er et prosjekt innenfor pleie og omsorg levert og et prosjekt om innsparing, effektivisering og forenkling bestilt.



MØTEPROTOKOLL

Møte: Årsmøtet 2017
Tid: 7. juni 2017 | kl. 15.00 - 15.50
Sted: Scandic Ishavshotel, Tromsø

Saksliste:

Saknr.	Sak:
ÅS 1/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
ÅS 2/2017	Registrering av årsmøtedelegater
ÅS 3/2017	Konstituering av årsmøte 2017
ÅS 4/2017	Styrets årsmelding 2016
ÅS 5/2017	Årsregnskap 2016
ÅS 6/2017	Medlemskontingent 2018
ÅS 7/2017	Handlingsplan 2018
ÅS 8/2017	Årsbudsjett 2018
ÅS 9/2017	Valg til styre
ÅS 10/2017	Valg av valgkomite
ÅS 11/2017	Valg av revisor

ÅS 1/2017 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

FKTs årsmøte 2017, godkjenner innkalling og sakliste til årsmøte 2017.

ÅS 2/2017 REGISTRERING AV ÅRSMØTEDELEGATER

Innstilling til vedtak:

Årsmøte 2017 godkjenner registreringen. Den innebærer at ____ av medlemmene var til stede på årsmøte 2017.

Behandling i møte:

Registreringen viste at det var 73 medlemmer til stede på årsmøtet.

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøte 2017, godkjenner registreringen. Den innebærer at 73 av medlemmene var til stede på årsmøte 2017.

ÅS 3/2016 KONSTITUERING AV ÅRSMØTE 2017

Innstilling til vedtak:

Årsmøte 2017 foretar følgende konstituering for årsmøte 2017:

Dirigent	Einar Endresen (Leder, Kontroll- og kvalitetsutvalget, Rogaland fylkeskommune)	
Referenter	Bjørn Bråthen (FKTs sekretariat)	Wenche R. Solvin (FKTs sekretariat)
Til å underskrive protokollen	Tone Øvermo Bruun (Kontrollutvalgsleder, Hemnes kommune)	Hogne Haktorson (Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune)

Behandling i møte:

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøte 2017 foretar følgende konstituering for årsmøte 2017:

Dirigent	Einar Endresen (Leder, Kontroll- og kvalitetsutvalget, Rogaland fylkeskommune)	
Referenter	Bjørn Bråthen (FKTs sekretariat)	Wenche R. Solvin (FKTs sekretariat)
Til å underskrive protokollen	Tone Øvermo Bruun (Kontrollutvalgsleder, Hemnes kommune)	Hogne Haktorson (Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune)

ÅS 4/2017 STYRETS ÅRSMELDING 2016**Innstilling til vedtak:**

Årsmøte 2017 godkjenner styrets årsmelding for 2016.

Behandling i møte:

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøte 2017 godkjenner styrets årsmelding for 2016.

ÅS 5/2017 ÅRSREGNSKAP 2016**Innstilling til vedtak:**

Årsmøte 2017 godkjenner FKTs årsregnskap for 2016.

Behandling i møte:

Dirigenten fremmet følgende tillegg til innstillingen: ... *med de kommentarer som framkom i møtet.*

Forslag til innstilling med dirigentens tilleggsforslag ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøte 2017 godkjenner FKTs årsregnskap for 2016 med de kommentarer som framkom i møtet.

ÅS 6/2017 MEDLEMSKONTINGENT 2018

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet 2017 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2018:

Kommune 0 - 5 000 innb.:	kr 3 500
Kommuner 5 001 - 10 000 innb.:	kr 6 000
Kommuner 10 001 - 20 000 innb.:	kr 8 000
Kommuner 20 001 - 50 000 innb.:	kr 10 000
Kommuner med mer enn 50 000 innb.:	kr 12 000
Fylkeskommuner:	kr 12 000
Sekretariater:	kr 8 000

Behandling i møte:

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøtet 2017 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2018:

Kommune 0 - 5 000 innb.:	kr 3 500
Kommuner 5 001 - 10 000 innb.:	kr 6 000
Kommuner 10 001 - 20 000 innb.:	kr 8 000
Kommuner 20 001 - 50 000 innb.:	kr 10 000
Kommuner med mer enn 50 000 innb.:	kr 12 000
Fylkeskommuner:	kr 12 000
Sekretariater:	kr 8 000

ÅS 7/2017 HANDLINGSPLAN 2018

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet 2017 fastsetter FKTs handlingsplan for 2018.

Behandling i møte:

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøtet 2017 fastsetter FKTs handlingsplan for 2018.

ÅS 8/2017 ÅRSBUDSJETT 2018

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet 2017 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2018.

Behandling i møte:

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøtet 2017 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2018.

ÅS 9/2017 VALG TIL STYRE

Forslag fra valgkomiteen:

Styremedlemmer (to år):

- Einar Ulla (gjenvalg), kontrollsjef, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Roald Breistein (gjenvalg), seniorrådgiver, Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland Fylkeskommune

Varamedlemmer (to år):

1. Sissel Mietinen (gjenvalg), sekretariatsleder, Kontrollutvalgan IS
2. Liv Tronstad (gjenvalg), kontrollsjef, KomSek Trøndelag IKS

Behandling i møte:

Forslagene fra valgkomiteen ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Styremedlemmer (to år):

- Einar Ulla (gjenvalg), kontrollsjef, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Roald Breistein (gjenvalg), seniorrådgiver, Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland Fylkeskommune

Varamedlemmer (to år):

1. Sissel Mietinen (gjenvalg), sekretariatsleder, Kontrollutvalgan IS
2. Liv Tronstad (gjenvalg), kontrollsjef, KomSek Trøndelag IKS

Etter dette har FKTs styre følgende sammensetning (2017-18):

- Styreleder Benedikte Muruvik Vonen (2016-18), rådgiver, Temark - Agder og Telemark Kontrollutvalgssekretariat IKS
- Nestleder Hilde Vatnar Selnes (2016-18), kontrollutvalgsmedlem, Namsos kommune
- Styremedlem Dag Robertsen (2016-18), kontrollutvalgsleder, Moss kommune
- Synnøve Solbakken (2016-18), kontrollutvalgsleder, Kvinnherad kommune
- Styremedlem Einar Ulla (2017-19), kontrollsjef, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Styremedlem Roald Breistein (2017-19), seniorrådgiver, Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland Fylkeskommune

Varamedlemmer - politikere (2016-18):

1. Alan Geoffrey Thompson (ny), kontrollutvalgsleder, Sauda kommune
2. John Helge Andersen (ny), nestleder, kontrollutvalget, Røros kommune

Varamedlemmer - sekretærer (2017-19):

1. Sissel Mietinen (gjenvalg), sekretariatsleder, Kontrollutvalgan IS
2. Liv Tronstad (gjenvalg), kontrollsjef, KomSek Trøndelag IKS

ÅS 10/2017 VALG AV VALGKOMITE

Styrets innstilling til vedtak:

To medlemmer (sekretærer) (to år):

- Anne-Karin Femanger Pettersen (gjenvalg), daglig leder, Østfold Kontrollutvalgssekretariat
- Arnar Helgheim (gjenvalg), daglig leder, SEKOM-sekretariat

Varamedlem (sekretær) (to år):

- Torill Bakken (gjenvalg), daglig leder, Kontrollutvalg Fjell IKS

Leder (ett år):

- Frank Willy Djuvik (ny – tidl. nestleder), kontrollutvalgsleder, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nestleder (ett år):

- Anne-Karin Femanger Pettersen (ny – tidl. leder), daglig leder, Østfold Kontrollutvalgssekretariat

Behandling i møte:

Styrets innstilling til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

To medlemmer (sekretærer) (to år):

- Anne-Karin Femanger Pettersen (gjenvalg), daglig leder, Østfold Kontrollutvalgssekretariat
- Arnar Helgheim (gjenvalg), daglig leder, SEKOM-sekretariat

Varamedlem (sekretær) (to år):

- Torill Bakken (gjenvalg), daglig leder, Kontrollutvalg Fjell IKS

Leder (ett år):

- Frank Willy Djuvik (ny – tidl. nestleder), kontrollutvalgsleder, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nestleder (ett år):

- Anne-Karin Femanger Pettersen (ny – tidl. leder), daglig leder, Østfold Kontrollutvalgssekretariat

ÅS 11/2017 VALG AV REVISOR

Styrets innstilling til vedtak:

Revisor (ett år):

- Per Kåre Vatland (gjenvalg), seniorrådgiver, Rogaland kontrollutvalgssekretariat

Behandling i møte:

Styrets innstilling til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Revisor (ett år):

- Per Kåre Vatland (gjenvalg), seniorrådgiver, Rogaland kontrollutvalgssekretariat

8. juni 2017



Tone Øvermo Bruun



Hogne Haktorsen

Emne **Høstkonferansen 2017**
Avsender **Mette Jensen Moen** <Mette.Jensen.Moen@rogfk.no>
Mottaker **Olsen Wencke Sissel**
<wencke.sissel.olsen@sandnes.kommune.no>, Vatland Per Kåre
<perkare.vatland@sandnes.kommune.no>, Tande Leni
<leni.tande@sandnes.kommune.no>, Toril Hallsjø
<tha@kontrollutvalgene.no>, Høie Odd Gunnar
<ogh@kontrollutvalgene.no>
Dato 22.08.2017 13:52



Hei,

Datoen for Høstkonferansen 2017 i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland er fastsatt til **torsdag 30. november.**

Konferansen vil finne sted på Sandnes, som tidligere.

Invitasjon med påmelding sendes ut i midten av oktober.

Fint hvis dere vil gjøre kontrollutvalgene oppmerksom på datoen.

Vennlig hilsen

Mette Jensen Moen

på vegne av arbeidsutvalget i forumet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.17	14/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å bestille, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast i neste møte.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll skal bestillast med bakgrunn i vedtekne planar.

Ny plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 blei etter innstilling frå kontrollutvalet vedteken av kommunestyret i juni 2016. Følgjande prosjekt er prioriterte i planen:

1. *Pleie og omsorg (rapport ferdig i februar 2017)*
2. *Innsparing, effektivisering og forenkling (er under utarbeiding)*
3. *Oppfølging av politiske vedtak*
4. *Klima og miljøplan*
5. *Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning*
6. *Sosiale tenester/NAV*

og med følgjande uprioriterte område:

- *Barnevern*
- *Legevakt*
- *Busetting og integrering av flyktningar*
- *IKT*

Ny plan for selskapskontroll 2016-2019 blei vedteken av kommunestyret i oktober 2016. Følgjande prosjekt er prioriterte i planen:

1. *Eigarskapsforvaltning*
2. *Rygiatun Eigedom AS*
3. *Krisesenter Vest IKS*
4. *Kommunekraft AS*

Utvalet stiller seg positiv til å delta i prosjekt som vert initiert frå andre eigarkommunar.

Prosjektet om «Pleie og omsorg» er ferdig og blei handsama av utvalet i februar 2017. Prosjektet om «Innsparing, effektivisering og forenkling» er bestilt og rapport vil venteleg vera klar på nyåret 2018.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planane dersom det vert naudsynt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll av «xxxxxx» i neste møte.

Aksdal, 31.08.17



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.17	15/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2017

Vedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende overfor Suldal kommune» av 12.05.17 – frå Rogaland Revisjon IKS

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som gjer revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei grenser som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagde fråsegn, der revisor Cicel T. Aarrestad gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at revisor ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Suldal kommune. Fråsegna vert gitt på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Aksdal, 31.08.17



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Vår saksbehandler:

Vår dato:
12.05.2017

Vår referanse:

Side:
1 av 3**Til kontrollutvalet i Suldal kommune****Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende overfor Suldal kommune****Lov- og forskriftskrav**

Ifølgje forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal den som er oppdragsansvarleg revisor for kommunar dokumentere godandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknadane til nemnde paragraf. Vi vel samstundes å ta med vurdering av oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende.

Ifølgje revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet om eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

Den som utfører revisjon for ein kommune eller fylkeskommune kan ikkje ha revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne

- a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold
- b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold og
- c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særlege tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13.

- Revisor kan, jamfør forskrifta, ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller fylkeskommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jamfør revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgjeving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gje tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine (dvs. kommunen sine) egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollover.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av sjølvstende

Pkt. 1: Tilsettingstilhøve	<i>Underteikna har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i Rogaland Revisjon IKS.</i> <i>Rogaland Revisjon IKS har avtale med Cicel T. Aarrestad, enkeltmannsføretak, org. nr. 962493785, som reviderer oppdrag etter revisorlova der IKS-et ikkje kan ha oppdraget. Selskapet leier tilsette i Rogaland Revisjon IKS etter eiga avtale, slik at tilsette kan få relevant praksis og dermed sin autorisasjon.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som Suldal kommune deltek i.</i>
Pkt. 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekke tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekke tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til Suldal kommune slik at dette har betydning for sjølvstende og objektivitet.</i>

Pkt. 5: Rådgjeving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	Før slike tenester vert utført gjer ein ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i høve til revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderar med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild. Revisor gjev jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar. <i>Underteikna har ikkje gjeve rådgjeving eller andre tenester til Suldal kommune som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i>
---	---

Stavanger, 12.05.2017
Rogaland Revisjon IKS



Cicel T. Aarrestad
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.09.17	16/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

Ikkje offentleg (Offl. § 24)

PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2017

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutredning

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte rekneskapet.

Dette er eit internt arbeidsdokument, og blir derfor ikkje utlevert til kontrollutvalet. Revisor gir i staden ein munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka i arbeidet.

Opplysningar som kjem fram i møtet er ikkje offentlege i medhald av Offentleglova § 24.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2017 til orientering.

Aksdal, 31.08.17



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.17	17/17
Kommunestyret	12.12.17	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	150	

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2018

Vedlegg: Framlegg til budsjett for 2018

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følge forskrifta leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen sitt samla budsjett for 2018 vert vedteke.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" er det gjeve slik tilråding:

- ***Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.***

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyre".

Budsjettet er delt inn i hovudpunkta: utgifter til kontrollutvalet, utgifter til kjøp av sekretariat- og revisjonstenester.

1. Kontrollutvalet sine egne utgifter

Utgiftene er vidareført nokolunde som i inneverande år. Godtgjersla til utvalsmedlemmene er justert i tråd med kommunen sitt reglement. Budsjettet legg til grunn at det vert fire eller fem møte neste år. Talet på medlemmer er fem, og møta er på rådhuset. Det er lagt opp servering av enkel møtemat. Det er også lagt inn midlar til å sende representantar til kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn.

2. Sekretariatet

Suldal kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariatstjenestene herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2018 i møtet 24.04.17, sak 5/17. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsom og etter medgått timeforbruk basert på eigardel. Kostnadane for Suldal neste år er sett til kr 172.000, som er ei auke på ca. 4 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

3. Revisjonskostnader

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris med gjeldande leverandør. I anbudet var det lagt opp til opsjon for kjøp av timer til forvaltningsrevisjon og andre kontroller med inntil 400 timar. Revisjonsutgiftene blir vidareført som i inneverande år.

For å oppnå gode resultat av forvaltningsrevisjonsprosjekt/selskapskontrollar, og at dei er nyttige for kommunen, vert det naudsynt at dei økonomiske ressursane er tilstrekkelege.

Frå rapportena "**85 tilrådingar**" bør ein merke seg:

Kontrollutvalet får oppdraget sitt og finansieringa si frå kommunestyret. Kontrollutvalet har fått ei rekkje oppgåver i lov og forskrift, men det er kommunestyret som er ansvarleg for dei økonomiske rammene for eigenkontrollen, ikkje kontrollutvalet.

Arbeidsgruppa viser til at kommunestyret gjennom det overordna ansvaret, behandlinga av saker frå kontrollutvalet og fastsetjinga av budsjettet til utvalet set dei avgjerande grensene for kor god eigenkontrollen blir i kommunen. Der kommunestyret har teke ei avgjerd i strid med innstillinga frå kontrollutvalet, er det kommunestyret som har ansvaret, ikkje kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2018, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i null. Det blir her sett opp eit samla budsjett på kr 1.100.000 eksklusiv mva for kontroll og tilsyn for 2018.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørgja for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjettamme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalgssekretariatet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2018 vert på i alt **kr 1.100.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	258.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	172.000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	670.000
Totalt	kr	1.100.000

Aksdal, 31.08.17



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

BUDSJETT 2018
KONTROLL OG TILSYN - SULDAL KOMMUNE

ART I KOSTRA	TEKST	UTVALET	SEKRE- TARIAT	REVISJON	BUDSJETT 2018	UTVALET SITT BUDSJETT 2017	Merk nader
80	Godtgjersle leiar	45 500			45 500	45 500	
80	Godtgjersle medlemmene	109 000			109 000	109 000	1
080	Tapt arbeidsforteneste	5 000			5 000	10 000	
099	Arbeidsgjevaravgift	20 000			20 000	22 000	
0	Lønsutgifter	179 500	-	-	179 500	186 500	
115	Servering	5 000			5 000	5 000	
140	Annonsering	5 000			5 000	4 000	
150	Kurs og opplæring	50 000			50 000	50 000	
160	Skyss og kostgodtgjersle	15 000			15 000	15 000	
195	Medlemskap og kontingenter	3 500			3 500	1 500	
1	Andre utgifter	78 500	-	-	78 500	76 500	
375	Kjøp frå Rogaland Revisjon IKS			670 000	670 000	650 000	2
375	Kjøp frå HKS IKS		172 000	-	172 000	167 000	3
	TOTALT	258 000	172 000	670 000	1 100 000	1 080 000	

Merknader:

1. Planlagt 4-5 møter i 2018 (27200 kr x 4 medl.)
2. Omfattar rekneskapsrevisjon, samt inntil 400 timar til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll eks. mva.
3. Omfattar sekretariatstenester for utvalet sine møte